

Skaper vanskar for sauebøndene.

09.07.2015



Det er framleis mykje sauar å sjå på heimebøane rundt om i bygda.

Den seine og kjølige våren og sommaren med mykje snø i fjellet skaper store vanskar for sauebøndene. I ei tid då sauene for lengst skulle vore i fjellbeita, er framleis svært mykje sau å sjå beitande på heimebøen. Konsekvensen er at dyra no beiter på det som skulle vorte hausta som vinterfor.

Sauebonde og leiar i Uskedal bondelag, Olav Hjetland Bringedal, fortel han sleppte nokre dyr til fjells i går. Han er tilknytt Bjørnebøle beitelag og slepper sauene sine på Grønningen.

- Det er individuelle skilnader kor mykje seinka det er, men for mitt vedkommande er dette 4 - 5 veker seinare enn normalt. Dessutan er det framleis ikkje mat til mykje dyr så det er uaktuelt for meg å senda fleire dyr til fjells no, seier sauebonden og legg til at sidan det no er så langt lidande, er han redd for at han må ha ganske mykje dyr heime gjennom heile sommaren.

Med så mykje dyr i heimebeite seier det seg sjølv at dette går hardt utvover forgrunnlaget for vinteren. No et sauene det opp i staden for at det skulle blitt hausta og lagra som vinterfor.

Ein ting er at veksten er sein når det gjeld mat til dyra. Eit anna moment er at dyra skal vera trygge, og her har dei store snømengdene i år vore ei utfordring

- Eg håpar eg ikkje opplever ein slik vår på nytt, avsluttar Olav Hjetland Bringedal.

Også dei som har beite i Ulvanåso og andre stader har vorte mange veker forseinka når det gjeld å sleppa sauene på sommarbeite.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.